



Sikkerheita til barn og andre ved byggearbeid

Utgangspunktet er at arbeidsmiljølova og forskriftene til lova berre gjeld for personar som er i arbeid. Publikum, som barn og andre forbipasserande, er dermed ikkje inkluderte i sikkerheitsføresegnene i lova. Sikkerheit overfor andre fell inn under ansvarsområdet til den enkelte kommunen.

Vern for barn eller andre

[Byggherreforskrifta](#) har ikkje reglar som beskyttar andre enn dei som arbeider på byggeplassen, for eksempel barn som oppheld seg i nærleiken av ein byggeplass. Men den ivaretar sikkerheita indirekte ved at uvedkommande ikkje skal ha tilgang til bygge- eller anleggsområdet.

Denne føresegna skal også verne arbeidstakarane på bygge- eller anleggsplassen mot farar som kan oppstå fordi uvedkommande er eller har vore på staden.

Føresegnene og myndigheita til kommunen

Kommunen har føresegner om sikkerheitstiltak ved byggearbeid gjennom plan- og bygningslova.

Før byggearbeidet startar, skal ein sikre at personar eller eigedom ikkje kjem til skade. Det må også bli sikra at offentleg trafikk kan halde fram.

Alt utstyr som for eksempel maskinar og stillas skal vere forsvarleg sett opp og halde ved like. Drifta skal vere ordna på ein slik måte at fare for liv og helse ikkje oppstår. Det er i utgangspunktet dei ansvarlege for byggeprosjektet som også skal sørge for sikkerheita på byggeplassen. Kommunen kan likevel bli kontakta for ei nærmare avklaring om reglar. Kommunen har også myndigheit til å gi pålegg dersom det er nødvendig.

Regelverk

[Byggherreforskrifta](#)

[Plan- og bygningsloven \(lovdata.no\)](#)